

Egenvurdering på emne- og programnivå

Emnenivå: Fylles ut av emneansvarlig

Programnivå: Fylles ut av programstyreleder (fagkoordinator)

| | |
|---|---|
| Emne/program | GRE103 |
| År | 2022 |
| Emneansvarlig/ Programstyreleder (fagkoordinator) | Pär Sandin / Matti Wiik |
| Samlet vurdering av gjennomføringen av emnet/programmet | Vel gjennomført |
| Emne: Er emnet student- evaluert? Hva kom i så fall fram der? Program: Funn i eventuelle programsensorrappporter sist år. | Studentevalueringar distribuerades till de två studenter som deltog i undervisningen, varav en svarade med högsta graden av tillfredsställelse (5/5) på alla frågor: Generelt sett, hvor fornøyd er du med GRE103? Fremstår GRE103 som et helhetlig kurs? Hvor fornøyd er du med forelesningene på emnet? Generelt sett, hvor stort læringsutbytte har du hatt av å følge forelesningene? Hvor fornøyd er du med pensum? Hvor stort læringsutbytte har du hatt av å lese pensumlitteraturen? Var pensummengden tilpasset kursets omfang? |
| Var det noe som ikke fungerte godt nok? Er det behov for å foreta justeringer eller sette inn tiltak for å forbedre emnet/programmet? Hvilke? | Studenttalet är litet men motsvarar studentmängden som andra semester i grekiska har haft sedan 70-talet. |
| Andre kommentarer eller innspill | Tre studenter tog kursen hösten 2022 varav en på distans med självstudium. Resultatet var mycket gott utifrån karaktersynpunkt, alla blev godkända med goda karakterer. |

Egenvurdering på emne- og programnivå

Emnenivå: Fylles ut av emneansvarlig

Programnivå: Fylles ut av programstyreleder (fagkoordinator)

| | |
|---|---|
| Emne/program | LAT102 |
| År | 2022V |
| Emneansvarlig/ Programstyreleder (fagkoordinator) | Åslaug Ommundsen |
| Samlet vurdering av gjennomføringen av emnet/programmet | <p>Emnet LAT102 har eit jamt tilfang av studentar. Av 11 studentar våren 2022 var det seks studentar som tok eksamen, med resultat som spreidde seg på skalaen frå A til D. Det var ingen stryk, men ein student trekte seg på eksamensdagen.</p> <p>Våren 2022 strekte undervisinga seg over heile vårsemesteret med 15 dobbelttimar éin gong i veka, i motsetnad til i 2020 og 2021, då undervising i samsvar med emneskildringa var lagt til første halvdel av semesteret (med 24 dobbelttimar og undervising tre gonger i veka).</p> <p>Emnet fungerer stort sett bra. Undervisinga støttar i stor grad opp under læringsmål og læringsutbyte, men det kan gjerast mindre justeringar i pensumutval og pedagogiske grep og metodar. Det eit mål å halde på fleire studentar fram til gjennomført eksamen.</p> |
| Emne: Er emnet student- evaluert? Hva kom i så fall fram der? Program: Funn i eventuelle programsensorrapporter sist år. | <p>Studentevalueringar våren 2022</p> <p>I alt sju studentar leverte evalueringsskjema for LAT102 våren 2022 (sjå oversyn over spørsmål og svar under). Me hadde også ei muntleg samtale på slutten av kurset. Undersøkingane både skriftleg og muntleg synte at studentane i stor grad var nøgde med emnet, men ikkje var så begeistra for pensum.</p> <p>Muntleg evaluering LAT102, hovudpunkt:</p> <ul style="list-style-type: none">- Nivået var passeleg i forhold til kunnskapen studentane hadde frå LAT100- Den tradisjonelle gjennomgangen med lesing, omsetjing og grammatikkspørsmål fungerer ok (så lenge det er låg terskel for å sleppe å lese).- Studentane vil gjerne ha endå fleire praktiske øvingar av forskjellig type, også som førebuing heime. |

| | |
|--|---|
| | <p>- Fleire timar kunne godt vere reine grammatikk-timar utan tekstlesing, gjerne med fleire norske døme.</p> <p>- Det er vanskeleg å lære på eiga hand på grunn av måten Omnibus-lærebøkene og Eitrems grammatikk er lagt opp, noko som gjer førelesingane ekstra viktige</p> <p>Me la som nemnt ovanfor opp til eit pensum frå Omnibus 2, med ganske ulike tekstar og relativt hurtige overgangar. Tilbakemeldinga var at det hadde vore greitt å gå frå tekst til tekst, men at overgangane i alle fall ikkje måtte vere hyppigare. Studentane gav også uttrykk for at Omnibus 1 var betre og meir pedagogisk lagt opp enn Omnibus 2 (at ein må ha tre forskjellige lærebøker er upraktisk og klumsete), og at Eitrem har for kortfatta forklaringar og synest etter deira meining å vere lagt opp for folk som har meir grammatikk enn dagens studentar.</p> <p>Spørsmål og svar i den skriftlege studentevalueringa av LAT102:</p> <p>Hvor fornøyd er du med emnekode? - 4 var 'Svært fornøyd,' 3 'Ganske fornøyd'</p> <p>Fremstår emnekoden som et helhetlig kurs? - 3 svarte 'Ja, i stor grad', 2 svarte 'I nokså stor grad', 1 svarte 'Verken/eller', 1 svarte 'I mindre grad'</p> <p>Hvor fornøyd er du med forelesningene på emnet? - 4 var 'Svært fornøyd', 3 'Ganske fornøyd'</p> <p>Hvor stor andel av forelesningene har du deltatt på? - 5 svarte '16-18' (max), 2 svarte '11-15'</p> <p>Generelt sett, hvor stort læringsutbytte har du hatt av å følge forelesningene? - 5 svarte 'Stort utbytte', 2 svarte 'Nokså stort utbytte'</p> <p>Hvor fornøyd er du med pensum? - 1 var 'Svært fornøyd', 2 var 'Ganske fornøyd,' 2 var 'Verken/eller' og 2 var 'Ganske misfornøyd'</p> <p>Var pensummengden tilpasset kursets omfang? - 3 svarte 'Ja, i stor grad,' 3 svarte 'Verken/eller,' 1 svarte 'I mindre grad')</p> |
| <p>Var det noe som ikke fungerte godt nok? Er det behov for å foreta justeringer eller sette inn tiltak for å forbedre emnet/programmet? Hvilke?</p> | <p>Ved neste kurs kan det gjerast mindre justeringar i pensumutvalet for å få mindre hyppige skifte mellom tekstane. Samstundes bør omsetjingar frå norsk til latin i større grad brukast som pedagogisk grep, saman med endå fleire praktiske oppgåver for betre innlæring av grammatikk og formverk.</p> <p>Tilbakemeldingane frå studentane om at læreverket er lagt opp til at dei skal kunne meir grammatikk enn dei i praksis kan, bør takast på alvor. Meir grammatikk med norsk språk som</p> |

| | |
|---|--|
| | <p>utgangspunkt, eventuelt innhenting av tilleggsmateriale, kan vere moglege botemiddel.</p> |
| <p>Andre kommentarer eller innspill</p> | <p>Tidlegare evalueringar Førre evaluering av emnet var våren 2020 (ved Conti, sjå kvalitetsbasen.app.uib.no). Konklusjonen var då at emnet stort sett fungerte bra. Det blei sett som ein fordel at studentar som ville til Roma i samband med AKHR210/215 ville lære latin før oppholdet, men vurdert som uheldig at opphaldet kolliderte med eksamen i LAT102. Det kom våren inn evalueringsskjema frå éin student, som var særst godt nøgd med kurset.</p> <p>I 2021 blei Romakurset ikkje sett opp grunna Covid 19, og i 2022 var undervisinga ikkje tilpassa studentar som skulle reise midt i semesteret. Me bør vurdere om me skal gå tilbake til tidlegare ordning, men må då sørge for at studentar får tatt eksamen før avreise til Roma.</p> <p>Gjennomføring Oppmeldingstala for LAT102 har dei siste tre åra vore usedvanleg stabile (med 11 studentar kvar vår 2020-2022). Vurderingsform har vore 6-timars skuleeksamen med unntak av våren 2020 då eksamen blei omgjort til heimeeksamen grunna Covid-19. Gjennomføringsgraden har vore jamt stigande, frå 2 studentar (18%) i 2020 til 6 studentar (54%) våren 2022. Det er sjeldan at studentar stryk på eksamen. (Differansen mellom talet på oppmeldte studentar og talet på studentar som tok eksamen representerer stort sett ikkje strykprosent, men studentar som trakk seg frå eksamen innan fristen.)</p> <p>Oppmeldingstal på 10-12 studentar er akseptable for eit lite og spesialisert språkfag som latin. Utfordringa synest å vere å formidle tydeleg i utgangspunktet kva latinstudiet handlar om og, for det andre, klare å motivere og halde på fleire studentar fram til gjennomført eksamen.</p> |

Treårig emneevaluering for LAT107 hausten 2022

Emneansvarleg: Åslaug Ommundsen

Den følgjande emneevaluering av LAT107 er levert i samsvar med den treårige evalueringssyklusen for klassiske fag, som hausten 2022 for latin omfattar LAT100, LAT104, LAT107 og LAT202.

Emnerapporten omfattar studentevalueringar henta inn i november 2022.

LAT107 er eit lågaregradsemne i latin (Mellomalderlatin), som gjev 15 studiepoeng. Det er ingen krav til forkunnskapar, men ein tilrår at studentar har teke LAT100 på førehand. Pensum er stort sett henta frå undervisingsverket *Omnibus 2*, og omfattar tekstar frå mellomalderen.

Mål: Emnet gjev basiskunnskap i latinsk språk og litteratur i det kristne Vest-Europa i mellomalderen, og ei innføring i den europeiske bok- og skriftkulturen 500-1500.

Undervising 2020-2022

Undervisinga strekkjer seg over heile haustsemesteret, og består av 24 dobbelttimar med undervising to gonger i veka. Åslaug Ommundsen og Aidan Conti samarbeider om undervisinga på kurset, og hentar inn andre lærekrefter etter behov.

Kurset i mellomalderlatin blei lagt om i forkant av hausten 2018, og me har halde fast på det nye opplegget, som er meir studentaktiverande og direkte forskingsbasert enn tidlegare. Kvar førelesing er delt i ein språkleg/grammatisk del og ein bokhistorisk del. I den språklege har me felles gjennomgang av pensumtekstar og grammatikk, syntaks og formverk, inkludert praktiske øvingar. I den bokhistoriske delen byrjar me med fire avsnitt om kodikologi (relatert til den materielle boka: pergament, pigment, blekk) før me går over til paleografi og ein skrifthistorisk gjennomgang frå seinantikk til seinmellomalder. Me kjem også inn på mellomalderens forkortingssystem, overleveringsproblematikk, og meir kulturelle aspekt ved skriftkulturen, som organiseringa av kyrkjeåret og helgenkult. Pensum er ein kombinasjon av originaltekstar og sekundærlitteratur.

Undervisinga tek sikte på å oppnå fylgjande **læringsutbytte** etter endt kurs:

Kunnskapar:

Kandidaten

- har grunnleggjande kjennskap til latinsk språk og grammatikk.
- kunnskap om hovudtrekka i utviklinga av bok- og skrifkulturen i mellomalderen
- kunnskap om det latinske språks litteraturs historie og rolle som fundament for kulturen i Vest-Europa under kristen tid.

Ferdigheiter:

Kandidaten kan

- på eit elementært nivå lese og omsetje korte originaltekstar på latin ved hjelp av ordbok
- formidle sentrale utviklingstrinn og grunnleggande konsept innan latinsk bokhistorie og handskriftskultur
- gjere greie for kulturelle og historiske årsaker til latinens rolle i Europa i mellomalderen

Generell kompetanse:

Kandidaten kan

- Arbeide sjølvstendig med ei problemstilling og presentere resultat skriftleg
- Bruke arkiv, bibliotek og historiske samlingar i prosjekt, studium og forskning

Vurdering av pedagogiske val: Som skissert i emneskildringa får studentane både ei innføring i språk og litteratur, og i utviklinga av latinsk skrift- og bokhistorie. Gjennom dei valde tekstane får studentane eit innblikk i ei breidde av språk og litteratur i mellomalderen, med vekt på liturgiske og religiøse tekstar. Helgenlegenda som er vald ut i *Omnibus 2 (Acta sanctorum in Selio)* har høg vanskegrad, og me byrjar difor med ei sterkt forenkla utgåve i starten av semesteret før me går tilbake til originalteksten når dei har hatt nokre månader med latin. Dette fungerer fint. Me har i aukande grad introdusert studentaktiv læring gjennom løysing av oppgåver felles og individuelt, gruppearbeid (som å høyre kvarandre i formapparatet), latinske kryssord og andre grep. Manglar og kunnskapshol kjem ofte klarare fram med desse metodane. Sjølv om tradisjonell latinundervising i stor grad involverer studentar gjennom lesing og omsetjing, indikerer tilbakemeldingane frå studentar at dei vil ha endå meir (og andre typer) aktiviserande undervising. Den praktiske delen av bokhistoria, med demonstrering av pergament, produksjon av blekk, bokinnbinding og skrivetrening, fungerer veldig bra. Her lærer studentane fortidas teknikkar gjennom å prøve sjølv.

I LAT107 har me aktivt søkt samarbeid om undervisinga. Før pandemien hadde me ei veke med felles undervising med NOFI110. I tillegg har besøk på Spesialsamlingane vore eit fast (og populært) innslag, der dei får ei innføring i bruk av samlingar generelt og Manuskript og lib-rar.samlinga ved UB i Bergen spesielt. Konservator Ekaterina Pasnak har gitt ei innføring i dei materielle aspekta av

mellomalderbøker og handteringa av desse, og Alexandros Tsakos har presentert samlinga. Bas Vlam har til no bidrege med kalligrafikurs som er designa for studentane på LAT107 (og NOFI110), men som også har vore ope for andre, under den årlege mellomalderveka.

Det pedagogiske opplegget på LAT107, med gruppearbeid, opne kurs og samlingsbesøk, blei noko hemma av pandemien i perioden me måtte over på zoom. Me gjorde likevel så godt me kunne med digitale hjelpemiddel, og brukar også digitale hjelpemiddel, som filmmateriale, fast i undervisinga. Handskriftstudium i ei digital verd og digitale samlingar fekk også meir merksemd under pandemien, noko me bør halde fast på også i etterkant. Generell vurdering: Undervisingsopplegget for Lat107 samsvarer godt med læringsutbyttet.

Studenttal og gjennomføring 2020–2022

Studenttilstrøyming og -gjennomføring har dei siste tre åra halde seg stabilt høgare enn åra før omlegginga av LAT107. Oppmeldingstala ser ut til å ha stabilisert seg på 10-12 etter å ha vore oppe på 16 studentar i 2019. Diverre har også LAT107 i fleire omgangar opplevd at studentar har blitt avviste av systemet av di det var lagt inn ei sperre på 10 studentar. Dette problemet skal no endeleg ha vorte løyst.

Gjennomføring: Sidan 2018 har i snitt 7 studentar gjennomført eksamen, medan det i dei to åra før omlegginga var 2 eller 3 studentar som gjennomførte (3 i 2016 og 2 i 2017). Auken synest altså å vere stabil, og me vil gjerne gjere meir for å heve studenttal og gjennomføring eit hakk til. Vurderingsform er mappeoppgåver, som består av både ein språkleg og ein bokhistoriske del. Studentane kan levere mappene inn til førelesar for tilbakemelding før endeleg innlevering.

2020: - 12 oppmelde (6 kvinner, 6 menn)

- 8 tok eksamen

2021: - 10 oppmeldte (3 kvinner, 7 menn)

- 4 tok eksamen

2022: - 11 oppmeldte (6 kvinner, 5 menn)

- 8 tok eksamen

Differansen mellom talet på oppmeldte studentar og talet på studentar som tok eksamen representerer stort sett ikkje strykprosent, men studentar som trakk seg frå eksamen. I snitt har me

dei siste tre åra hatt eit fråfall frå semesterstart til eksamen på 40%. Dette er høgt, men samstundes er latin eit krevjande fag med bratt læringskurve.

Vurdering av gjennomføring: Oppmeldingstal på 10-12 studentar er akseptable for eit spesialisert språkfag som latin, men me ynskjer å forbetre rekrutteringa. Me har kapasitet til å undervise større grupper, og må samstundes rekne med eit visst fråfall grunna fagets karakter. Utfordringa synest å vere å formidle tydeleg i utgangspunktet kva latinstudiet handlar om og, for det andre, klare å motivere og halde på fleire studentar fram til gjennomført eksamen.

Evalueringar

Emnet har blitt evaluert hausten 2018, 2019 og 2020. Hovudtrekka i desse evalueringane var at studentane var godt nøgde med kurset og fekk godt læringsutbytte av å følge førelesingane. Pensum fekk litt lågare score på desse evalueringane, slik som på årets evaluering.

Studentevalueringar hausten 2022

I alt seks studentar leverte evalueringsskjema for LAT107 hausten 2022 under siste førelesing, og tre leverte direkte til studierettleiar (sjå oversyn over spørsmål og svar under). Me hadde også ei munnleg samtale på slutten av kurset. Undersøkingane både skriftleg og munnleg synte at studentane i stor grad var nøgde med emnet og undervisinga, men var litt mindre begeistra for pensum.

Munnleg evaluering LAT107, og kommentarar frå skriftleg evaluering:

- Studentane vil gjerne ha endå fleire praktiske øvingar av forskjellig type, også som førebuing heime.
- Fleire timar kunne godt vere reine grammatikk-timar utan tekstlesing, gjerne med fleire norske døme.
- Dei ønsker fleire besøk til samlingar (fire studentar melde dette) og fleire praktiske øvingar.
- Nokre element i undervisinga var litt like LAT100, 102 og 105
- Tekstgjennomgang var meir gjevande enn paleografi (ein student)

Spørsmål og svar i den skriftlege studentevalueringa av LAT 107:

(Svaralternativa har fem nivå, e.g. frå Svært fornøyd, Ganske fornøyd og Verken eller, ned til Ganske misfornøyd og Svært misfornøyd. Dette er resultatata frå dei fysiske skjemaene)

Generelt sett, hvor fornøyd er du med LAT107? Svært fornøyd: 8, Ganske fornøyd: 1

Fremstår LAT107 som et helhetlig kurs? Ja, i stor grad: 8, I nokså stor grad: 1

Hvor fornøyd er du med forelesningene på emnet? Svært fornøyd: 7, Ganske fornøyd: 2

Hvor stor andel av forelesningene har du deltatt på? 11-15: 2, 16-18: 7

Generelt sett, hvor stort læringsutbytte har du hatt av å følge forelesningene? Stort utbytte: 7, Nokså stort utbytte: 2

Hvor fornøyd er du med pensum? Svært fornøyd: 4, Ganske fornøyd: 5

Hvor stort læringsutbytte har du hatt av å lese pensumlitteraturen? Stort utbytte: 4, Nokså stort utbytte: 5

Var pensummengden tilpasset kursets omfang? Ja, i stor grad: 5, I nokså stor grad: 4

[Spørsmål om seminar/kollokviegrupper ikkje relevante]

Konklusjon

Emnet LAT107 har eit jamt tilfang av interesserte studentar, og kurset fungerer stort sett bra med godt oppmøte. Det er likevel rom for å rekruttere fleire studentar gjennom til dømes å presentere kurset på informasjonsmøte i historie på AHKR, noko som er gjort før med godt resultat.

Undervisinga støttar i stor grad opp under læringsmål og læringsutbytte. Ved neste kurs kan det gjerast mindre justeringar i pensumutvalet for å treffe studentane endå betre. Samstundes kan me i større grad få inn munnleg latin som pedagogisk grep, saman med endå fleire praktiske oppgåver for betre innlæring av grammatikk og formverk.

Åslaug Ommundsen